



# Haugaland brann og redning iks

## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsak nr:	Styre 23/037	Dato:	16.08.2023

### Handsamingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks 23.08.2023 vedtak

## GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL - STYREMØTE 07.06.2023

### HANDSAMING:

#### Tilråding frå brannsjef

1. Styret for Haugaland brann og redning iks godkjenner møteprotokoll av 07.06.2023 som framlagt.

#### Sakshandsaming i styret 23.08.2023

#### Vedtak i styret

### SAKSOPPLYSNINGAR:

Saker som er handsama i styremøte 07.06.2023:

Sak nr	Tittel	Sakshandsaming
-	Velkommen til nytt styre – presentasjon	-
23/030	Godkjenning av innkalling og sakliste	Vedtak
23/031	Godkjenning av protokoll av 30.03.2023	Vedtak
23/032	Selskapsstrategi	Prosess
23/033	Oppfølging av møte med eigarar 2.6.2023	Prosess
23/034	Orienteringssaker	Orientering
23/035	Eventuelt	-

### VURDERINGAR:

-

Haugesund, 16.08.2023

Dag Botnen  
Brannsjef

Vedlegg: 1. Protokoll etter styremøte 07.06.2023.



# Haugaland brann og redning iks

## MØTEPROTOKOLL

### Styret for Haugaland brann og redning iks

**Møtestad:** Diktervegen 8, Haugesund  
**Møtedato:** 07.06.2023  
**Tid:** 09<sup>00</sup>-12<sup>00</sup>  
**Saker:** 23/030-23/035

**Til stades:** Elling Hetland, styreleiar  
Leif Malvin Knutsen, nestleiar  
Heidi Synnøve Nymann, medlem  
Kristin Helle, medlem  
Håkon Winterseth, medlem  
Karl Otto Endresen, medlem  
Leon Dale, medlem  
Thor Arne Larsen, medlem  
Anne Kristin Helgeland, fast varamedlem

**Forfall:** -

**Andre:** Dag Botnen, dagleg leiar

**Diverse merknader:** -

**Underskrifter:**  
**Stad:** Haugesund  
**Dato:** 07.06.2023

---

Elling Hetland  
styreleiar

---

Leif Malvin Knutsen  
nestleiar

---

Heidi Synnøve Nymann  
medlem

---

Thor Arne Larsen  
medlem

---

Leon Dale  
medlem

---

Kristin Helle  
medlem

---

Karl Otto Endresen  
medlem

---

Håkon Winterseth  
medlem

---

Anne Kristin Helgeland  
fast varamedlem

**Møteprotokoll er sendt til:**

- eigarkommunar
- revisjon/KPMG
- Haugaland kontrollutvalgssekretariat

# SAKSOVERSIKT

Sak nr	Tittel	Sakshandsaming
-	Velkommen til nytt styre – presentasjon	-
23/030	Godkjenning av innkalling og saksliste	Vedtak
23/031	Godkjenning av protokoll av 30.03.2023	Vedtak
23/032	Selskapsstrategi	Prosess
23/033	Oppfølging av møte med eigarar 2.6.2023	Prosess
23/034	Orienteringssaker	Orientering
23/035	Eventuelt	-

## SAKSNR.      SAKSPROTOKOLL

### **23/030      Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### **Tilråding frå brannsjef**

1. Styret for Haugaland brann og redning iks godkjenner innkalling og saksliste som framlagt.

#### **Sakshandsaming i styret 07.06.2023**

Det ble meldt inn to saker under eventuelt:

- a. Orientering om skriv frå tillitsvalt i Delta datert 06.06.2023 v/EH.
- b. Vurdering av økonomisk situasjon for selskapet v/LD.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks**

1. Styret for Haugaland brann og redning iks godkjenner innkalling og saksliste som framlagt.

### **23/031      Godkjenning av protokoll 30.03.2023**

#### **Tilråding frå brannsjef**

1. Styret for Haugaland brann og redning iks godkjenner møteprotokoll av 30.03.2023 som framlagt.

#### **Sakshandsaming i styret 07.06.2023**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks**

1. Styret for Haugaland brann og redning iks godkjenner møteprotokoll av 30.03.2023 som framlagt.

### **23/032      Selskapsstrategi**

#### **Tilråding frå brannsjef**

-

#### **Sakshandsaming i styret 07.06.2023**

Det vert etablert ei arbeidsgruppe for å utvikle ein selskapsstrategi der framlegg til prosess i saka vert lagt til grunn. Arbeidsgruppa består av følgjande personar:

1. Leif Malvin Knutsen, nestleiar styret
2. Anne Kristin Helgeland, styremedlem
3. Thor Arne Larsen, styremedlem
4. Dag Botnen, dagleg leiar/sekretær

Arbeidet starter opp etter ferieavvikling 2023.

Framlegg til vedtak vert etter dette:

1. Styret for Haugaland brann og redning iks etablerer ei arbeidsgruppe for å utvikle ein selskapsstrategi som vert lagt for handsaming i styret.

#### **Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks**

1. Styret for Haugaland brann og redning iks etablerer ei arbeidsgruppe for å utvikle ein selskapsstrategi som vert lagt for handsaming i styret.

## 23/033 Oppfølging av møte med eigarane 2.6.2023

### Tilråding frå brannsjef

-

### Sakshandsaming i styret 07.06.2023

Styreleiar og dagleg leiar informerte om dei signal som framkom i møtet med eigarane 2.6.2023. Det vert lagt fram ei sak til styret 23.08.2023 som tar innover seg dei signal som vart gitt i møtet. Framlegg til vedtak vert etter dette:

1. Styret for Haugaland brann og redning iks ber brannsjefen om å legge fram ei sak til styremøtet 23.08.2023 som omhandlar vidare tiltak ut frå signal gitt av eigarane i møte 2.6.2023.

### Tilråding frå styret for Haugaland brann og redning iks

1. Styret for Haugaland brann og redning iks ber brannsjefen om å legge fram ei sak til styremøtet 23.08.2023 som omhandlar vidare tiltak ut frå signal gitt av eigarane i møte 2.6.2023.

## 23/034 Orienteringssak

### Brannsjefen sin tilråding

1. Styret for Haugaland brann og redning iks tar saka til orientering.

### Sakshandsaming i styret 07.06.2023

Saka vart delvis handsama som følgje av for kort tidsramme. Dei delar av saka som ikkje vart gjennomgått vert løfta inn til styremøtet 23.08.2023.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Styret for Haugaland brann og redning iks tar saka til orientering.

## 23/035 Eventuelt

### A. Orientering om skriv frå tillitsvalt i Delta datert 06.06.2023 v/EH.

Det vart orientert om at det var kome eit skriv frå tillitsvalt i Delta vedr. handsaming av beredskapsanalyse i sak 23/015. Som følgje av kort frist til å sette seg inn i saka til dette styremøtet, vert saka løfta inn til styrehandsaming 23.08.2023.

### B. Vurdering av økonomisk situasjon for selskapet v/LD.

Saka vart ikkje handsama som følgje av at Leon Dale vart kalla ut på utrykning.